



# St. meld. nr. 33

(2006–2007)

---

Eksport av forsvarsmateriell frå Noreg i  
2006, eksportkontroll og internasjonalt  
ikkje-spreiingssamarbeid



# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing og samandrag.....</b>	<b>7</b>	<b>7.3</b>	Eksporten av kategori B-materiell fordelt på grupper av land.....	31
<b>2</b>	<b>Eksportkontrollregelverket.....</b>	<b>11</b>	<b>7.4</b>	Eksport av forsvarsmateriell fordelt på land.....	31
2.1	Retningslinjer for Utanriksdepartementet .....	11	7.5	Eksport fordelt på vareposisjonane i liste I .....	31
2.2	Eksportkontollova .....	13	7.6	Eksport av forsvarsmateriell fordelt på land og varegrupper i liste I.....	32
2.3	Forskrift til gjennomføring av eksportkontrollen.....	14	7.7	Tenester for utanlandske oppdragsgjeverar .....	33
2.4	Internasjonale tiltaksregime med eksportforbod.....	15	7.8	Reparasjonar for utanlandske oppdragsgjeverar .....	33
2.5	Tryggingsrådsvedtak om sanksjonar mot Iran.....	16	7.9	Utførsel av handvåpen.....	46
2.6	Tryggingsrådsvedtak om sanksjonar mot Nord-Korea .....	17	7.10	Utførsel frå Forsvaret .....	47
2.7	EU-kodeksen .....	17	7.11	Avslag på søknader om eksport av forsvarsmateriell i 2006 .....	49
<b>3</b>	<b>Utanriksdepartementets arbeid for større innsyn .....</b>	<b>18</b>	<b>7.12</b>	Formidling og overføring av produksjonsrettar.....	49
<b>4</b>	<b>Multilateralt samarbeid om eksportkontroll og ikkje-spreiing</b>	<b>19</b>	<b>7.13</b>	Oversyn over bedrifter som har rapportert om eksport i 2006 .....	49
4.1	Dei globale nedrustnings- og ikkjespreiingsavtalane .....	20			
4.2	Dei multilaterale eksportkontrollregima.....	22	<b>Vedlegg</b>		
4.3	Andre ikkjespreiingstiltak.....	23	<b>1</b>	Utenriksdepartementets forskrifter av 10. januar 1989 til gjennomføring av utførselsreguleringen for strategiske varer, tjenester og teknologi, med senere endringer ..	51
4.4	Handvåpen og arbeidet for å hindre ulovleg våpenhandel .....	24	<b>2</b>	Retningslinjer av 28. februar 1992 for Utenriksdepartementets behandling av søknader om eksport av våpen, militært materiell, samt teknologi og tjenester for militære formål .....	54
<b>5</b>	<b>Det nasjonale eksportkontrollapparatet.....</b>	<b>25</b>	<b>3</b>	Den europeiske unions atferds- kodeks for våpeneksport, 8. juni 1998 .....	58
5.1	Eksportkontroll av forsvarsmateriell	26	<b>4</b>	Liste I: våpen, ammunisjon, annet militært materiell og tilhørende teknologi .....	61
5.2	Eksportkontroll av fleirbruksvarer.	27	<b>5</b>	Oversyn over medlemskap i dei multilaterale eksportkontroll- regima 2006 .....	63
<b>6</b>	<b>Norsk forsvarsindustri og internasjonalt samarbeid .....</b>	<b>29</b>			
<b>7</b>	<b>Eksporten av forsvarsmateriell i 2006 .....</b>	<b>30</b>			
7.1	Utvikling i eksporten av forsvarsmateriell, tenester og reparasjonar .....	31			
7.2	Eksporten av kategori A-materiell fordelt på grupper av land .....	31			



## Forklaring på forkortelser

AG	Australia Group	Australia-gruppa (multilateralt eksportkontrollsamarbeid for kjemiske/biologiske våpen)
BTWC	Biological and Toxic Weapons Convention	Konvensjonen mot biologiske våpen
CWC	Chemical Weapons Convention	Kjemivåpenkonvensjonen
ECOWAS	Economic Community of West African States	Det økonomiske fellesskapet av vestafrikanske stater
FFI		Forsvarets forskingsinstitutt
IAEA	International Atomic Energy Agency	Det internasjonale atomenergi-byrået
IFE		Institutt for energiteknikk
MTCR	Missile Technology Control Regime	Regimet for eksportkontroll av missilteknologi
NSG	Nuclear Suppliers Group	Gruppa av leverandørland for eksportkontroll av kjernefysisk materiale og relevante fleirbruksvarer
NPT	Non-Proliferation Treaty	Ikkje-spreiingsavtalen for kjernefysiske våpen
OSSE	Organization for Security and Cooperation in Europe (OSCE)	Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa
PSI	Proliferation Security Initiative	Initiativ for spreiingstryggleik
PST		Politiets tryggingsteneste
TAD		Toll- og avgiftsdirektoratet
WA	The Wassenaar Arrangement	Wassenaar-samarbeidet (multilat. eksportkontrollsamarbeid for konvensjonelle våpen og fleirbruksvarer)



# St. meld. nr. 33

(2006–2007)

## Eksport av forsvarsmateriell frå Noreg i 2006, eksportkontroll og internasjonalt ikkje-spreiingssamarbeid

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 15. juni 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing og samandrag

Med denne meldinga legg regjeringa fram informasjon om norsk eksportkontroll når det gjeld våpen, ammunisjon og anna militært materiell<sup>1</sup> og fleirbruksvarer<sup>2</sup>. Meldinga gjev innsyn i omfanget av den faktiske eksporten av forsvarsmateriell i 2006. I tillegg blir det gjort greie for norsk eksportkontrollregelverk og -praksis, samarbeidet med andre etatar og det internasjonale ikkje-spreiings- og eksportkontrollsamarbeidet som Noreg deltek i både når det gjeld forsvarsprodukt og fleirbruksvarer.

Regjeringa legg vekt på at det skal vere størst mogeleg innsyn i utførselen av norsk forsvarsmateriell. Sidan meldinga om omfanget av slik utførsel blei lagt fram første gong i 1996, har det blitt mykje større openheit om dette. Meldinga om utførselen av forsvarsmateriell for 2005 (St.meld. nr. 19 (2005–2006)) inneheldt mellom anna for første gong informasjon om forsvarsstyremaktenes utførel av eige materiell og om utførselen av handvåpen frå Noreg. I tillegg inneholdt meldinga infor-

masjon om avslag på lisenssøknader og kva for eitt av dei åtte kriteria i EU-kodeksen som låg til grunn for avslaget. Ho inneheldt dessutan informasjon om formidlinga av forsvarsmateriell mellom tredjeland og om overføringa av produksjonsrettar for forsvarsmateriell til utlandet.

Stortingsbehandlinga av meldinga for 2005 viste at det er brei tverrpolitisk semje om at det er oppnådd ein tilfredsstillande grad av openheit.

Den auka graden av innsyn i eksporten av forsvarsmateriell, som har utvikla seg dei siste åra, medfører omfattande rapportering frå bedriftene si side. For å sikre at informasjonen som blir lagt fram i meldinga, er så korrekt og komplett som mogeleg, krevst det òg gode rutinar og system. Regjeringa er oppteken av å vidareføre dette arbeidet og oppnå ein størst mogeleg grad av openheit knytt til eksporten av norsk forsvarsmateriell.

Meldinga i år følgjer i hovudsak det same formatet som den førre meldinga.

Til liks med tidlegare stortingsmeldingar er tallmaterialet i denne meldinga basert på utførselen av varer som står på Utanriksdepartementets liste I<sup>3</sup> og tenester og teknologi knytt til desse varene.

<sup>1</sup> Heretter forsvarsmateriell.

<sup>2</sup> Fleirbruksvarer er i utgangspunktet tenkte til sivil bruk, men kan i tillegg ha viktige militære bruksområde.

Liste I omfattar både A-materiell, som er våpen og ammunisjon, og B-materiell, som er andre varer spesielt utvikla eller modifiserte for militære formål. Den samla verdien av eksporten i 2006 var om lag 3,5 milliardar kroner. Av dette utgjer sal 2,9 milliardar, tenester om lag 362 millionar og reparasjoner for utanlandske eigarar ca. 194 millionar. A-materiell utgjorde i overkant av 1,4 milliardar kroner og B-materiell utgjorde tilnærma 1,5 milliardar kroner.

I 2005 utgjorde den samla eksporten ca. 2,9 milliardar kroner. Til samanlikning var den samla verdien av eksporten om lag 2 milliardar i 2004 og 3 milliardar i 2003.

I 2006 utgjorde eksporten av A-materiell til NATO-landa 86 % og av B-materiell 55 %, dei nordiske landa utgjorde høvesvis 8 % og 13 %. I 2005 utgjorde eksporten til desse landa til saman høvesvis 82 % for A-materiell og 70 % for B-materiell.

Eksporten av våpen og anna militært materiell til NATO-land eller andre nærliggende land<sup>4</sup> bygjer på eit etablert samarbeid der Noreg deltek med spiss teknologi på visse område.

Noreg praktiserer ei svært streng handheving av eksportkontrollregelverket. Dette er bakgrunnen for at hovudmottakarane av norsk forsvarsmateriell er NATO-medlemsland og andre nærliggende land. Før det blir gjeve utførselsløyve må det ligge føre dokumentasjon som godtgjer kven som er mottakar av forsvarsmateriellet. Regjeringa vil vidareføre denne politikken i tida framover.

Utanriksdepartementets kontroll med eksporten av våpen og militært materiell er basert på eiga lov, forskrift og retningslinjer for korleis departementet skal behandle søknader om løyve til eksport av forsvarsmateriell. Utgangspunktet for regelverket og praksisen er ei regjeringserklæring og eit stortingsvedtak av 11. mars 1959. Erklæringa slo fast at «hovedsynspunktet bør være at Norge ikke vil tillate salg av våpen og ammunisjon til områder hvor det er krig eller krig truer, eller til land hvor det er borgerkrig». Stortinget tok «til etterretning den erklæring Statsministeren på vegne av Regjeringen har lagt frem. Stortinget vil sterkt understreke at eksport av våpen og ammunisjon fra Norge bare må skje etter en omhyggelig vurdering av de uten- og innenrikspolitiske forhold

i vedkommende område. Denne vurderingen må være avgjørende for om eksport skal finne sted».

I 1997 slutta eit samrøystes Storting seg til ei presisering om at «Utenriksdepartementets vurdering av disse forholdene omfatter en vurdering av en rekke politiske spørsmål, herunder spørsmål knyttet til demokratisk rettigheter og respekt for grunnleggende menneskerettigheter».

Eksportkontrollen tek òg sikte på å hindre at varer og teknologi til framstilling av masseøydeleggingsvåpen blir utførte i strid med norsk regelverk, internasjonale avtalar og internasjonalt samarbeid som Noreg har slutta seg til. Slike varer er omtalte på Utanriksdepartementets liste II (fleirbruksvarer).

Utførsel av forsvarsmateriell til land utanfor NATO-alliansen og gruppa av nærliggende land må vurderast nøyne, og retningslinjene som er nemnde ovanfor, må praktiserast nøyne. Dersom konklusjonen er at det kan gjevest løyve til slikt sal, blir det kravd sluttbrukardokumentasjon der mottakaren erklærer at han eller ho er den endelige mottakaren av materiellet, opplyser om kvar det skal installerast og brukast og forsikrar om at materiellet ikkje skal seljast vidare utan med samtykke frå norske styresmakter.

For å sikre at rammevilkåra blir så like som mogeleg, er det behov for ei internasjonal samordning av dokumentasjonskrava og sluttbrukarkontrollen. Innanfor relevante internasjonale forum blir det arbeidd for å komme fram til meir einsarta standardar og prosedyrar. Eksportkontrollregimet Wassenaar-samarbeidet (WA) og Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) har mellom anna utarbeidd ei rettleiing for ein nasjonal sluttbrukarkontroll.

Utanriksdepartementet arbeider heile tida med å sikre eit tidsmessig og effektivt regelverk. I 2004 blei det gjort ei rekke endringar i eksportkontrollforskriftene. Det blei gjort greie for desse endringane i St.meld. nr. 36 (2004–2005) og St.meld. nr. 19 (2005–2006).

Med verknad frå 1. juli 2005 blei det gjort endringar i eksportkontollova for å spegle at eksportkontrollen òg er retta mot leveransar som kan vere meinte for å utøve terrorhandlingar. Ved endringa blei det òg oppretta heimel for å kontrollere formidlinga av visse sensitive fleirbruksvarer mellom to framande land. Utanriksdepartementet arbeider no med å gjere dei nødvendige endringane i forskriftene for å sikre at lovendringane blir gjennomførte på ein mest mogeleg føremålstenleg måte.

I tillegg har ei rekke internasjonale vedtak som er bindande for Noreg, særleg knytt til resolusjon 1373 (2001) og 1540 (2004) frå Tryggingsrådet i

<sup>3</sup> Varene på liste I omfattar forsvarsmateriell. Utanriksdepartementets liste I (vedlegg 1) omhandlar dette materiellet og tilhøyrande teknologi. Oversyna i kapittel sju i meldinga omfattar berre verdien av utførte varer og tilhøyrande teknologi omhandla på liste I, og tenester knytte til desse varene.

<sup>4</sup> Dei nordiske landa og andre land som etter ei nøyne vurdering kan motta forsvarsmateriell frå Noreg.

Dei sameinte nasjonane, ført til at det er behov for gjennomføring i norsk rett. Resolusjonane fører til at medlemslanda er forplikta til å setje i verk nasjonale tiltak for å hindre at terroristar og spreiingsland får tilgang til sensitive varer og sensitiv teknologi i samband med masseøydeleggingsvåpen. Arbeidet med å styrke eksportkontrollregelverket er nærmere omhandla i meldinga.

FNs tryggingsråd vedtok i oktober 2006<sup>5</sup>, desember 2006<sup>6</sup> og mars 2007<sup>7</sup> bindande sanksjoner mot Nord-Korea og Iran. Sanksjonane rettar seg mot dei kjernefysiske programma til desse landa og omfattar òg leveringsmiddel for masseøydeleggingsvåpen og forbod mot transport, formidling og eksport av konvensjonelle våpensystem. Det er utarbeidd norske forskrifter for å sikre at forpliktningane i resolusjonane blir gjennomførte.

Auka internasjonal innsats fører til auka forventningar til at dei enkelte landa er i stand til å etterleve og gjennomføre ein effektiv eksportkontroll. For å sikre at det blir gjennomført ein forsvarleg og effektiv eksportkontroll, samarbeider Utanriksdepartementet med ei rekke andre etatar. For å styrke den norske innsatsen på eksportkontrollområdet ytterlegare, tok Utanriksdepartementet i januar 2007 initiativ til å opprette eit tverrinstitusjonelt samarbeid med Politiets tryggingsteneste, Tollverket og Forsvaret. Formålet er å drøfte, planleggje og koordinere aktivitetane til dei einskilde instansane for å sikre ein mest mogeleg effektiv eksportkontroll i alle ledd.

Som forvaltnings- og kontrollorgan legg Utanriksdepartementet òg vesentleg vekt på eit nært samarbeid med den enkelte eksportøren frå sak til sak. Når det blir gjeve løyve til å selje forsvars materiell, vil spørsmålet om vedlikehald, reparasjonar og levering av reservedelar i framtida vere ein del av totalvurderinga til departementet. Omsynet til dei norske leverandørane sitt truverde som handelspartnarar er òg eit tilhøve som styresmaktene må vurdere når det gjeld å gje løyve til oppfølgingsleveransar.

Noreg slutta seg til EU-kodeksen for eksport av våpen og militært materiell i 1998. Kodeksen har blitt vesentleg styrkt dei siste åra og dannar i aukande grad eit internasjonalt rammeverk for prinsippa om leveransar av våpen og militært materiell. I 2004 innleidde Noreg, som einaste ikkje-

medlem, eit nærmere samarbeid med EU med EU-kodeksen som ramme.

Multilaterale ikkje-spreiingsavtalar og nedrustningsinstrument er sentrale uttrykk for det arbeidet verdssamfunnet driv med nedrusting og for å hindre spreiing av masseøydeleggingsvåpen og ein ukontrollert flyt av andre våpen. Eksportkontrollregima er eit viktig instrument i dette arbeide.

Noreg har teke eit særleg ansvar internasjonalt for å styrke arbeidet med nedrustings- og ikkje-spreiingsspørsmål. Saman med ei gruppe på seks land (Chile, Romania, Australia, Sør-Afrika, Indonesia og Storbritannia) er Noreg pådrivar på dette området. Denne såkalla 7-landsgruppa blei oppretta før FN-toppmøtet i september 2005 og har i tida etterpå hatt regelmessig kontakt.

For Noreg er det ei prioritert oppgåve å medverke til at den kjernefysiske nedrustinga skal halde fram. For å lukkast på dette området er det viktig å komme med konkrete og realistiske nedrustingsframlegg. I dette arbeidet har regjeringa styrkt kontakten med norske og utanlandske forskingsmiljø. Dette samarbeidet vil saman med 7-landsinitiativet bli særleg viktig fram mot NPTs tilsynskonferanse i 2010. Det førebuande arbeidet her starta i april i 2007.

Noreg tek aktivt del i det omfattande internasjonale samarbeidet som er oppretta på eksportkontroll- og ikkje-spreiingsområdet. Dette samarbeidet er eit viktig bidrag til å hindre ulovleg våpenhandel og spreiing av masseøydeleggingsvåpen. Kontrollen med fleirbruksvarer (liste II) byggjer heilt og fullt på det internasjonale eksportkontrollsamarbeidet. Handelen med konvensjonelle våpen og militært materiell (liste I) er i utgangspunktet eit nasjonalt ansvar, men her òg har utviklinga dei seinare åra gått i retning av auka internasjonal dialog og koordinering. Samarbeidet har dei siste åra vore drive fram ytterlegare av kravet til og ønsket om større openheit om handelen med forsvars materiell.

Noreg har vore medlem av styret i Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA) frå 2005 og fram til styremøtet hausten 2007. Som medlem av styret har Noreg arbeidd aktivt for å styrke innsatsen til IAEA på ikkje-spreiingsområdet. Deltakinga i styret er likeins ein viktig arena for å arbeide for norske synspunkt når det gjeld kjernefysisk nedrusting.

Innanfor dei multilaterale eksportkontrollregima er det oppretta eigne ekspertforum for handheving og kontroll, og informasjonsutvekslinga mellom deltakarlanda er vesentleg styrkt dei seinare åra. På dei årlege plenumsmøta blir det gjort vedtak som ein føreset blir gjennomførte i nasjo-

<sup>5</sup> Tryggingsrådet i FNs resolusjon 1718 (2006) vedteken 14. oktober 2006.

<sup>6</sup> Tryggingsrådet i FNs resolusjon 1737 (2006) vedteken 23. desember 2006.

<sup>7</sup> Tryggingsrådet i FNs resolusjon 1747 (2007) vedteken 24. mars 2007.

nale regelverk og praksis i medlemslanda. Wassenaar-samarbeidet (WA) vil i 2007 gjennomføre forhandlingar for å styrke og vidareutvikle samarbeidet om kontrollen med konvensjonelle våpen og sensitiv høgteknologi. Under ein tilsvarande gjennomgang i 2003 blei det mellom anna oppnådd semje om felles kriterium for kontroll med berbare luftvernsystem (MANPADS) og handvåpen og om felles kriterium for kontrollen med formidlinga av våpen mellom tredjeland.

Frå norsk side vil det bli arbeidd vidare for å styrke utvekslinga av informasjon innanfor WA og for å styrke retningslinjene når det gjeld kontrollen med konvensjonelle våpen og relevant høgteknologi.

EU-kodeksen og vedtaka om standardar for eksport av forsvarsmateriell frå Wassenaar-samarbeidet (WA) legg òg føringar for den norske praktiseringa når det gjeld kontroll med eksporten av forsvarsmateriell. Dei åtte kriteria i kodeksen og WA-vedtaka blir etterlevde innanfor ramma av det norske regelverket.

Noreg gjennomfører dei relevante vedtaka om våpenembargoar frå Tryggingsrådet i FN og frå

OSSE, uavhengig av om dei har bindande eller ikkje-bindande karakter. I praksis har Noreg òg sluttar seg til og etterlever EU-vedtak om våpenembargoar. Dette er ein politikk regjeringa tek sikte på å føre vidare.

Meldinga gjer òg greie for saksbehandlinga i Utanriksdepartementet når det gjeld behandlinga av søknader om utførselsløyve for både forsvarsmateriell (liste I) og fleirbruksvarer (liste II). Det at Utanriksdepartementet legg vekt på dialog med bedrifter og institusjonar om eksportkontroll, medrekna informasjonsverksemd, er òg omtalt.

Dei siste åra har forsvarsindustrien blitt vesentleg tilpassa ein endra internasjonal marknad. Omstrukturering og internasjonalisering har ført til at norske forsvarsmateriellbedrifter har satsa på å utvikle nisjekompetanse innanfor ramma av eit fleirnasjonalt samarbeid. Dette spørsmålet blir òg omtalt i denne meldinga.

Som eit ledd i målet om openheit kring internasjonal våpenhandel vil eit samandrag av stortingsmeldinga bli omsett til engelsk og lagt ut på heime-sida til departementet ([www.eksportkontroll.mfa.no](http://www.eksportkontroll.mfa.no)).

## 2 Eksportkontrollregelverket

Utanriksdepartementet har ansvaret for kontrollen med eksport frå Noreg av våpen, ammunisjon og anna militært materiell<sup>1</sup>, fleirbruksvarer<sup>2</sup>, teknologi og tenester. Kontrollen går føre seg på grunnlag av eit eige regelverk som omfattar lov, forskrifter, retningslinjer og kontrollister.

Utførselen av våpen, militært materiell og militær teknologi er i utgangspunktet dei enkelte landas nasjonale ansvar. Det har likevel vaks fram eit internasjonalt politisk samarbeid også på dette området. Noreg legg vesentleg vekt på å gjennomføre internasjonale standardar i det nasjonale eksportkontrollregelverket, både når det gjeld krav til varelistar og kontrollstandardar. Det blir gjort næraare greie for det internasjonale samarbeidet i kapittel 4 i meldinga.

I dette kapittelet blir det gjort greie for dei politiske retningslinjene som Utanriksdepartementet legg til grunn i saksbehandlinga av søknader om løyve til å føre ut forsvarsmateriell, og for eksportkontollova og -forskriftene. I tillegg blir vedtaket frå Tryggingsrådet i FN om sanksjonar mot Nord-Korea og Iran, som er gjort til norske forskrifter, omtalt per 15. april 2007.

### 2.1 Retningslinjer for Utanriksdepartementet

Retningslinjene frå 28. februar 1992 er rettleiande for korleis Utanriksdepartementet skal behandle søknader om eksport av våpen, militært materiell og teknologi og tenester for militære formål.

Kontrollen med eksporten av forsvarsmateriell byggjer på regjeringserklaeringa av 11. mars 1959 og stortingsvedtaket av same dato, som slår fast at «det skal ved avgjørelsen legges vekt på de utenriks- og innenrikspolitiske vurderinger, og hovedsynspunktet bør være at Norge ikke vil tillate salg av våpen og ammunisjon til områder hvor det er krig eller krig truer, eller til land hvor det er borgarkrig». I vedtak av same dato tek Stortinget «til etterretning den erklæring Statsministeren på

vegne av Regjeringen har lagt frem. Stortinget vil sterkt understreke at eksport av våpen og ammunisjon fra Norge bare må skje etter en nøye vurdering av de uten- og innenrikspolitiske forhold i vedkommende område. Denne vurderingen må være avgjørende for om eksport skal finne sted». Utanriksdepartementets vurdering av desse tilhøva omfattar ei rekke politiske og tekniske spørsmål, mellom anna spørsmål knytte til demokratiske rettar og respekt for grunnleggjande menneskerettar, jf. òg St.meld. nr. 43 (1997–98), nr. 45 (2000–2001), nr. 29 (2001–2002), nr. 35 (2002–2003), nr. 36 (2004–2005) og nr. 19 (2005–2006).

Eit samrøystes Storting sluttar seg til ei presiseiring som Bondevik I-regjeringa gjorde i 1997 om at «Utanriksdepartementets vurdering av disse forholdene omfatter en vurdering av en rekke politiske spørsmål, herunder spørsmål knyttet til demokratiske rettigheter og respekt for grunnleggjende menneskerettigheter».

Retningslinjene byggjer på politikken nemnd ovanfor og omhandlar mellom anna kva prinsipp som skal leggjast til grunn når ein skal vurder kva land som kan ta imot forsvarsmateriell frå Noreg, dei definerer kva kategoriar materiell som kan eksporterast til dei ulike landgruppene og kva krav som blir stilte til dokumentasjon. Retningslinjene er publiserte for at det skal vere større openheit kring sjansane til å få utførselsløyve, og at det skal vere meir føreseieleg.

Retningslinjene definerer tre landgrupper som er retningsgjevande når Utanriksdepartementet skal vurdere kven som kan ta imot forsvarsmateriell frå Noreg.

Landgruppe 1 er NATO-medlemslanda og dei nordiske landa, pluss andre land som etter ei grundig vurdering kan godkjennast av departementet som mottakarar av våpen og ammunisjon.

Landgruppe 2 er land som Noreg ikkje eksporterer forsvarsmateriell til. Dette er land der det er krig eller der krig truar, land der det er borgarkrig, land der ei omhyggeleg vurdering av dei utan- og innenrikspolitiske tilhøva tilseier at eksport av forsvarsmateriell ikkje bør finne stad, og land som Tryggingsrådet i FN har vedteke sanksjonar mot.

Landgruppe 3 er land utanfor gruppe 1 og 2 som Noreg ikkje sel våpen og ammunisjon til, men

<sup>1</sup> Forsvarsmateriell omtalt på Utanriksdepartementets liste I.

<sup>2</sup> Sivile produkt som har viktige militære bruksområde. Omhandla på Utanriksdepartementets liste II.

som etter ei nøyte vurdering eventuelt kan ta imot anna militært materiell.

Varene som er omfatta av retningslinjene, står på liste 1 (våpen, ammunisjon og anna militært materiell). Retningslinjene skil mellom materiell i kategori A og kategori B.

Med kategori A-materiell forstår ein våpen og ammunisjon av alle slag og materiell som i vesentleg grad vil kunne påverke dei militære styrkeforholda utover nærområdet, medrekna materiell for havovervakning og elektroniske tiltak mot satellittborne system.

Kategori B-materiell er anna forsvarsmateriell som ikkje har dei eigenskapane eller bruksområda som er definerte for varekategorii A.

Retningslinjene seier at det kan tildelast lisens for A-materiell berre når kunden er eller opptrer på vegner av forsvarsmakta i mottakarlandet. Dette må dokumenterast.

I vurderinga av om ei vare eller ein teknologi er A- eller B-materiell, trekker Utanriksdepartementet ved behov på ekspertise først og fremst frå Forsvarets forskingsinstitutt og Institutt for energiteknikk.

#### *Dokumentasjonskrav og sluttbrukarkontroll*

I tillegg til dei politiske vurderingane skal behandlinga i Utanriksdepartementet sikre at det ligg føre tilfredsstillande dokumentasjon før det kan innvilgast utførselsløyve. Kravet til dokumentasjon vil vere avhengig av mottakar og kva slags materiell det er snakk om.

Eksport av våpen og anna militært materiell mellom forsvarsstyresmakter i NATO-landa byggjer på ein langsiktig utanriks-, tryggleiks- og forsvarspolitikk der leveransar av materiell mellom partane er forankra i avtalar og mangeårig praksis.

Ved utførsel av forsvarsmateriell til medlemsland i NATO eller til nærliggande land der det ligg føre bilaterale avtalar om samarbeid om forsvarsmateriell, er det krav om dokumentasjon som godt gjer kven sluttbrukaren er. Det blir såleis ikkje lagt geografiske avgrensingar på kvar forsvarsstyremaktene i NATO-land kan bruke militært materiell importert frå Noreg. Når det gjeld innsatsvarer som krut og sprengstoff eller komponentar, trengst det ei kundeerklaering som stadfester at materiellet heilt og fullt skal nyttast i importørens eigen produksjon, at det ikkje vil bli eksportert vidare separat og at det vil inngå i det ferdige produktet utan at dette er å rekne som norsk. Importsertifikat skal sikre at ein eventuell re-eksport skjer i samsvar med eksportkontrollreglane i importlandet.

Søknader om eksport til land utanfor den allierte og nærliggande kretsen av land vil bli grundig vurderte med tanke på dei aktuelle utanriks- og innanrikspolitiske tilhøva, jf. Utanriksdepartementets retningslinjer. Dersom konklusjonen er at ein kan gje løyve til eksport, blir det kravd dokumentasjon der mottakaren erklærer at han eller ho er endeleg brukar/mottakar av materiellet, gjer greie for kvar det skal installera og brukast og forsikrar at materiellet ikkje skal leverast vidare utan med samtykke frå norske styresmakter. I bestemte saker kan det vere krav om at styresmaktene skal stadfeste sluttbrukarerklaeringa.

Innanfor ramma av det multilaterale eksportkontrollregelverket blir det utveksla informasjon om sluttbrukarar som det knyter seg uro til, om lisensavslag og om relevant informasjon om forsøk på skaffe seg lisens. Sjølv om det enkelte landet ikkje er bunde av avslag frå andre, blir det teke omsyn til denne typen informasjon i all behandling av lisenssøknader. Noreg arbeider aktivt for å styrke denne mekanismen innanfor relevante forum, mellom anna ved å støtte eit forslag om førehandskonsultasjonar i dei tilfella der eit anna land vurderer ein søknad om eksport av varer som tilsvarer dei som har fått avslag, og som eit anna land har meldt om. Noreg meiner at ein slik praksis over tid vil føre til at det i handelen med våpen og militært materiell utviklar seg ei internasjonal ansvarskjensle som det er større semje om.,

Det går føre seg ei internasjonal utveksling av opplysningsar om og synspunkt på kva dokumentasjonskrav som bør stillast. Målet er å komme fram til meir einsarta standardar og prosedyrar på internasjonal basis, særleg med sikte på å hindre ulovleg handel med handvåpen og lett våpen. Innanfor både OSSE og Wassenaar-samarbeidet er det oppnådd semje om rettleiande format for sluttbrukarsertifikat. Når det gjeld utførsel av berbare luftvernssystem (MANPADS), har medlemslanda i Wassenaar-samarbeidet vedteke strenge retningslinjer som ein føreset blir implementerte nasjonalt. Desse retningslinjene omfattar også krav til sluttbrukarkontroll, medrekna dokumentasjon på styremaktene. Tilsvarande retningslinjer har også OSSE vedteke seinare.

#### *Delleveransar og fleirnasjonale produkt*

Retningslinjene tek omsyn til at eksporten kan ha ulike formål, til dømes samarbeids- og utviklingsprosjekt, tenester eller teknologioverføringar. Produktet kan ha sjølvstendig funksjon eller vere delleveransar. Med delar er meint varer utan sjølvstendig funksjon, til dømes elektronikkkomponentar,

programvare eller metallhylser. For delleveransar skal søknaden i utgangspunktet behandlast på same måten som ved eksport av sluttproduktet. Ved samarbeidsavtalar som er godkjende av norske styresmakter, jf. kap. VII.2 i retningslinjene, kan ein som eit unntak omgå kravet til sluttbrukardokumentasjon. Desse reglane gjeld når det ferdige produktet ikkje er å rekne som norsk.

Unntak frå hovudregelen om norsk sluttbrukarkontroll kan også gjerast på visse vilkår dersom produktet er resultatet av eit fleirnasjonalt samarbeid. Dersom det endelige produktet ikkje er å rekne som norsk, kan det ferdige produktet eksporterast etter reglane i samarbeidslandet, jf. kap. III i retningslinjene om samarbeids- og utviklingsprosjekt.

Retningslinjene frå 1992 var ikkje heilt klare i spørsmålet om korleis søknader om utførsel av produkt med fleirnasjonal identitet skulle behandlast. Auka integrasjon i forsvarsindustrien og større internasjonalt samarbeid om utvikling og produksjon av forsvarsmateriell skapte nye utfordringar for eksportkontrollen.

I 1998 blei det difor teke inn eit nytt kapittel IV som set nærmere reglar for behandlinga av fleirnasjonale produkt.

## 2.2 Eksportkontollova

Eksportkontroll blir utøvd på grunnlag av *Lov av 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi m.v.* Varer, tenester og teknologi som kan spele ei rolle for utviklinga, produksjonen eller bruken av produkt til militære formål i andre land, eller som direkte kan tene til å utvikle eit lands militære evne, må ikkje førast ut utan løyve frå Utanriksdepartementet. Liste I (våpen og militært materiell) og liste II (fleirbruksvarer) inneheld produkt og teknologi som krev slikt løyve. Kontrollen med teknologi omfattar også immateriell teknologioverføring.

Tenester knytte til varer og teknologi i liste I og II, og andre tenester som direkte kan tene til å utvikle eit lands militære evne og som blir ytte i utlandet eller her i landet for bruk i utlandet, krev også løyve frå Utanriksdepartementet.

Lova set forbod mot at personar som har bustad eller oppholdsstad i Noreg, og norske selskap, stiftingar og samanslutningar driv handel med, formidlar eller på anna vis medverkar til sal av våpen og militært materiell frå eitt framandt land til eit anna utan særskilt løyve.

I tillegg er det lisensplikt for alle varer og tenester og all teknologi til militært bruk til område der det er krig eller der krig truar eller til land der det er borgarkrig, og til område under våpenembargo vedteken av Tryggingsrådet i FN med heimel i kapittel VII i FN-pakta.

Alle har plikt til å gje departementet den hjelp det treng for å kontrollere at reglane i lova eller forskriftene er følgde. Dette gjeld alle opplysningar som er å rekne som nødvendige i samband med behandlinga av søknader om eksportlisens. Ein slik rett til å innhente bedriftssensitiv informasjon har sitt motstykke i teiepliktreglane i lova.

Eksportkontollova inneholder eigne straffeføresegner. Forsettleg brot på regelverket blir straffa med bøter eller fengsel inntil fem år eller begge delar. Aktlaust brot kan straffast med bøter eller fengsel inntil to år. Når lovbroten er gjort av ein som handlar på vegner av eit selskap med avgrensa ansvar, eit kommandittselskap eller ei anna samanslutning eller ei stifting, kan føretaket ildiggjast bot. Dersom eit forhold blir ramma av strengare strafbefod, er det straffelova som gjeld.

### Arbeidet med lovendringar

I tråd med Innst.O. nr. 74 (2004–2005) og Ot.prp. nr. 47 (2004–2005) avgjorde Stortinget (jf. Besl.O. nr. 72 (2004–2005)) å utvide virkeområdet til eksportkontollova til å omfatte utførsler som kan nytta til å gjennomføre terrorhandlingar. I tillegg blei lova endra for å gje heimel for kontroll med formidlinga av nærmere fastsette fleirbruksvarer mellom to tredjeland. Endringane, som tok til å gjelde 1. juli 2005, er gjevne att i kursiv:

«Kongen kan bestemme at varer og teknologi som kan være av betydning for andre lands utvikling, produksjon eller anvendelse av produkter til militært bruk eller som direkte kan tjene til å utvikle et lands militære evne, samt varer og teknologi som kan benyttes til å utøve terrorhandlinger, jf. straffelovens § 147 a første ledd, ikke må utføres fra norsk tollområde uten særskilt tillatelse. Det kan også settes forbud mot at det uten særskilt tillatelse ytes tjenester som nevnt i første punktum. Det kan settes vilkår for tillatelsene.

Kongen kan likeså sette forbud mot at personer som har bopel eller oppholdssted i Norge og norske selskaper, stiftelser og sammenslutninger uten særskilt tillatelse driver handel med, formidler eller på annen måte bistår ved salg av våpen og militært materiell fra et fremmed land til et annet. Tilsvarande gjelder for strategiske varer og teknologi som er nærmere angitt i forskrift.

Kongen gir nærmere forskrifter til utfylling og gjennomføring av loven.»

Bakgrunnen og behovet for å oppdatere eksportkontollova<sup>3</sup> var at lova berre gav heimel for å regulere utførsel som kan «tjene til å utvikle et lands militære evne». I kjølvatnet av terroråtaka mot amerikanske mål 11. september 2001 sette Utanriksdepartementet i gang eit arbeid for å lufteste krav om kontroll med utførsel av andre varer, teknologi og tenester som kan nyttast til terrorformål. I tillegg til terrorismeaspektet kom Utanriksdepartementet med framlegg om å gje heimel for kontroll med formidlinga av visse særleg sensitive fleirbruksvarer. Slik kontroll inneber at personar som har fast opphold i Noreg, og norske selskap og institusjonar under visse omstende må ha løyve fra Utanriksdepartementet for å kunne formidle sal av slike varer mellom to tredjeland. Arbeidet med å sikre gjennomføringa i forskrift er omtalt i kapitel 2.3 i meldinga.

Utanriksdepartementet arbeider med eit framlegg til fleire endringar i eksportkontollova. Desse endringane har som føremål å gje heimel for kontroll med transport av våpen, militært materiell og visse fleirbruksvarer mellom to tredjeland,

I tillegg omfatter framlegget tiltak for å styrke kontrollen med formidlinga av våpen, militært materiell og fleirbruksvarer ved å gjere kontrollen gjeldande for «einkvar».

Begge framlegga inneber ei vesentleg styrking av den norske kontrollen med eksporten av strategiske varer. Den lova vi har i dag, omfattar ikkje kontroll med transport av våpen og militært materiell, berre handlingar knytte til sal av slike varer mellom to tredjeland. Vidare heiter det i lovteksten i dag at kontrollen rettar seg mot «personer som har bopel eller oppholdssted i Norge og norske selskaper, stiftelser og sammenslutninger». Å erstatte denne formuleringa med «einkvar» inneber ei utviding av jurisdiksjonen og vil vere i tråd med alminnelege norske jurisdiksjonsføresegner.

Det blir òg arbeidd med siktet på å styrke kontrollen med varer og teknologi, medrekna transport, når det ligg føre informasjon om at varene er meint for terrorformål. Det er likevel nødvendig å vente på det arbeidet Justisdepartementet held på med for å styrke straffelova på dette området. Det er venta at Justisdepartementet vil vere ferdig med å gå gjennom straffelova i 2008.

## 2.3 Forskrift til gjennomføring av eksportkontrollen

Det er utferda forskrift i medhald av eksportkontollova. Forskrift av 10. januar 1989 gjev nærmere reglar om gjennomføringa av eksportreguleringa. Denne forskriften inneheld mellom anna krav om lisens ved utførsel av varer og tilhøyrande teknologi som står på vareliste I (våpen og militært materiell) og vareliste II (fleirbruksvarer). Det krevst dessutan løyve ved utførsel av nærmere fastsett teknologi, medrekna immaterielle ytingar, tekniske datapakkar og produksjonsrettar for varer, i tillegg til visse tenester. Vidare inneheld forskriften føresegner om visse unntak frå lisensplikta og administrative føresegner om oppbevaring av løyve og om rett for departementet til å stille vilkår for tildeling av lisens. I 2000 blei ein ny paragraf (§ 13) lagd til. Denne gjev departementet høve til å kalle tilbake ein lisens dersom grunnlaget for tildelinga er vesentleg endra.

For å gjennomføre bindande vedtak i Tryggingsrådet i FN om fullstendig eller delvis handelsembargo mot visse land, blir det utferda forskrifter med heimel i *Lov av 7. juni 1968 nr. 4 om gjennomføring av bindende vedtak av De Forente Nasjoners Sikkerhetsråd*. På denne måten blir bindande vedtak i Tryggingsrådet gjorde til norsk rett. Gjeldande forskrifter i samband med dette er oppførte i kapittel 2.4 i meldinga. Norske forskrifter om sanksjonar mot Nord-Korea og Iran er nærmere omhandla i kapittel 2.5 og 2.6 i meldinga.

### Arbeidet med forskriftsendringar

I St.meld. nr. 36 (2004–2005) og St.meld. nr. 19 (2005–2006) om utførsel av forsvarsmateriell fra Noreg, eksportkontroll og internasjonalt ikkje-spreiingssamarbeid blei det gjort greie for forskriftsendringar som blei gjennomførte i 2004.

Utanriksdepartementet arbeider no med korleis lovendringane som blei sette i verk 1. juli 2005, kan gjennomførast i forskrift. Utanriksdepartementet har sendt eit utkast til revidert forskrift ut til høyring. Målet er å gjennomføre forskriftsendringane i 2007. Utkastet til forskriftsendring rettar seg i første omgang mot å styrke kontrollen med formidlinga av fleirbruksvarer og å styrke kontrollen med alle varer når desse kan vere meint for eit program for masseøydeleggingsvåpen («fangar alt»-kontroll). I tillegg blir det gjort framlegg om å presisere eksisterande unntak frå lisensplikta når det gjeld retur av eit NATO- eller EU-lands utstyr etter øving eller trening i Noreg.

<sup>3</sup> Lov av 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi m.v.

Basert på resultatet av ei høyring som blei sendt til dei aktuelle instansane i april 2007 om endringar i eksportkontrollova når det gjeld kontroll med transport av våpen og militært materiell, jf. kapittel 2.2, vil Utanriksdepartementet vurdere gjennomføringa av slik kontroll i forskrift med siktet på å leggje ned forbod mot transport av våpen og militært materiell til land som er under våpenembargo vedteken av Tryggingsrådet i FN eller andre tiltak som Noreg har sluttat opp om.

Det er regjeringa sitt syn at dette vil sikre kontrollen med transport av våpen og militært materiell på ein eigna måte. Arbeidet med desse forskriftsendringane vil bli sett i verk så snart høyringa om framlegget til den føregåande lovendringa er avslutta.

Med omsyn til arbeidet med forbod mot utførsel og formidling av varer, teknologi og tenester når det er kjent at dei er tenkt nytta til å utøve terrorhandlingar, er det nødvendig å koordinere dette arbeidet med Justisdepartementet sitt arbeid med ny straffelov i denne samanhengen. Det er venta at Justisdepartementet vil vere ferdig med gjennomgangen i 2008.

#### *Kontrollistene*

Utanriksdepartementets kontrollister er ein del av eksportkontrollforskriftene. Dei forsvarsprodukta som er omfatta av denne meldinga, er spesifiserte i liste I. Fleirbruksvarer er oppførte i liste II. For utførsel av varer som er spesifiserte i listene, krevst det utførselslisens frå Utanriksdepartementet. Vidare krevst det skriftleg løyve ved overføring av teknologi og utføring av tenester for utanlandsk kunde, anten tenesta blir utført i Noreg eller i utlandet.

Liste I dekkjer alle våpen og militære varer som er omfatta av internasjonale varelistar. Den norske lista er utforma slik at ho omfattar alle kategoriar våpen og militært materiell, og lisensplikta gjeld for alle varer og all teknologi som er spesielt konstruert eller modifisert for militære formål.

Etter terroråtaka 11. september er det innanfor dei multilaterale eksportkontrollregima teke initiativ til å identifisere varer og teknologi som i visse situasjonar kan nyttast i terrorverksemd. Siktet er at slike varer og slik teknologi blir underlagt eksportkontroll. Det er gjort fleire vedtak om å utvide listene, mellom anna når det gjeld ubemannata luftfarkostar (UAV) og visse glattbora skytevåpen. Fleire framlegg om å inkludere nye varer og ny teknologi i listene er under diskusjon.

#### *Anna lisensplikt. Særlege unntak frå lisensplikta*

I tillegg til lisensplikta for varer, teknologi og tenester som er spesifiserte i kontrollistene, har forskriften reglar som i spesielle tilfelle fangar opp varer som ikkje er spesifiserte i listene. Det finst tre slike reglar («fangar alt»-reglar) i forskriftene (§ 1 bokstavane f, g og h).

Den eine regelen seier at ved utførsel for militær bruk til område der det er krig eller der krig truar eller til land der det er borgarkrig, er varer, teknologi og tenester av alle slag lisenspliktige sjølv om dei ikkje er omfatta av listene.

Den andre regelen gjev heimel til å krevje lisens for varer, teknologi og tenester av alle slag sjølv om dei ikkje er omfatta av listene frå Utanriksdepartementet, i tilfelle der eksportøren er kjend med at desse er tiltenkte eller vil bli brukte i samband med utvikling, produksjon, vedlikehald, lagring, deteksjon, identifikasjon eller destruksjon av kjernevåpen eller kjemiske eller biologiske våpen. Tilsvarande gjeld i samband med utvikling, produksjon, vedlikehald eller lagring av missil som leverer slike våpen. Denne regelen vil bli sendt ut på høyring med siktet på å styrke kontrollen i tråd med internasjonale forpliktingar. Det er gjort næraare greie for arbeidet med forskriftsendringar ovanfor.

I tillegg er det lisensplikt for alle varer og tenester eller all teknologi til militær bruk i område under våpenembargo vedteken av Tryggingsrådet i FN med heimel i kapittel VII i FN-pakta. Dette er i tråd med vedtak fatta innanfor ramma av Wassenaar-samarbeidet.

## **2.4 Internasjonale tiltaksregime med eksportforbod**

Under følgjer eit oversyn over FN-sanksjonar, EU-tiltak og terrorismetiltak som inneheld våpenembargoar.

#### *FNs sanksjonsregime*

Sanksjonar som er vedtekne gjennom bindande vedtak i Tryggingsrådet i FN blir gjennomførte i norsk rett ved forskrift med heimel i *Lov til gjennomføring av bindende vedtak av De Forente Nasjoner Sikkerhetsråd* (gjennomføringslova) av 7. juni 1968.

Desse sanksjonsregima som inneheld våpenembargo, er gjennomførte med heimel i denne lova<sup>4</sup>:

1990–08–09 nr. 0635: *Forskrift om gjennomføring av De Forente Nasjoners Sikkerhetsråds resolusjoner om sanksjoner mot Irak*

1992–02–07 nr. 0077: *Forskrift om sanksjoner mot Somalia*

1992–11–27 nr. 0879: *Forskrift om sanksjoner mot Liberia*

1997–10–23 nr. 1116: *Forskrift om sanksjoner mot Sierra Leone*

1999–12–22 nr. 1374: *Forskrift om sanksjoner mot Usama bin Laden, Al-Qaida og Taliban*

2003–10–10 nr. 1221: *Forskrift om sanksjoner mot Den demokratiske republikken Kongo*

2004–12–10 nr. 1617: *Forskrift om sanksjoner mot Elfenbenskysten*

2006–06–02 nr. 573: *Forskrift om sanksjoner mot visse grupper, militærer og personer som opererer i Darfur-provinsen i Sudan*

2006–09–08 nr. 1040: *Forskrift om sanksjoner mot aktører i Libanon*

2006–12–15 nr. 1405: *Forskrift om sanksjoner mot Nord-Korea*

2007–02–09 nr. 149: *Forskrift om sanksjonar mot Iran*

#### Terrorismetiltak

Desse terrorismetiltaka inneholder våpenembargo:

- Tryggingsrådets resolusjon 1373 (*tiltak mot terrorisme*)
- Tryggingsrådets resolusjon 1540 (*ikkje-spreiing av masseøydeleggingsvåpen*)
- Tryggingsrådets resolusjon 1333/1390/

1617/1677

- (sanksjonar mot Al-Qaida/Taliban)
- Tryggingsrådets resolusjon 1735 (om trugsål mot internasjonal fred og tryggleik på grunn av terroristhandlingar)

#### EUs tiltaksregime

EU-rådet har vedteke ei rekke felles haldningar med tiltaksregime overfor ulike statar. Fleire av desse tiltaksregima inneholder våpenembargoar. Noreg blir oppmoda om å slutte opp om EU-rådets felles haldningar. Den norske oppslutninga om EUs felles haldningar er ikkje folkerettsleg bindande.

Den norske oppslutninga om EUs tiltaksregime kan gjennomførast ved forskrift med heimel i

<sup>4</sup> I tillegg til vedtak om sanksjonar vedtekne av Tryggingsrådet i FN, gjorde OSSE i 1992 vedtak om våpenembargo i samband med konflikten kring Nagorno-Karabakh. Som medlem følgjer Noreg dette vedtaket.

*Lov av 27. april 2001 nr. 14 om iverksetjing av internasjonale, ikkje-militære tiltak i form av avbrot eller avgrensing av økonomisk eller anna samkvem med tredjestatar eller rørsler.*

Sanksjonar mot Burma er gjennomførte med heimel i denne lova ved:

2003–07–04 nr. 895: *Forskrift om særlige tiltak mot Burma*.

Når det særskilt gjeld gjennomføringa av EU-rådets felles haldning med sanksjonar mot regimet i Zimbabwe er det laga ei eiga særlov, jf. *Lov av 27. juni 2003 nr. 58 om særlige tiltak mot Republikken Zimbabwe*. Sanksjonane er gjennomførte ved:

2003–08–15 nr. 1050: *Forskrift om særlige tiltak mot Republikken Zimbabwe*

2006–04–28 nr. 450: *Forskrift om særlige tiltak mot Usbekistan*

## 2.5 Tryggingsrådsvedtak om sanksjonar mot Iran

Tryggingsrådet i FN vedtok sanksjonar mot Iran 23. desember 2006 (resolusjon 1737) og 24. mars 2007 (resolusjon 1747).

Sanksjonane rettar seg mot Irans kjernefysiske program, òg medrekna leveringsmiddel for masseøydeleggingsvåpen, og mot transport, formidling og eksport av konvensjonelle våpen. Sanksjonane omfattar likeins reiserestriksjonar for iranske statsborgarar som er knytte til landets kjernefysiske program, og forbod mot investeringar og finansiering i samband med dette.

Det er utarbeidd ei eiga norsk forskrift<sup>5</sup> for å sikre at resolusjonsforpliktingane blir gjennomførte. Ved gjennomføring av eksportkontrolltiltak skal alle statar hindre eksport til Iran av produkt som er kontrollerte av dei multilaterale eksportkontrollregima for kjernefysisk eksport<sup>6</sup> og missilteknologi<sup>7</sup>. Alle statar skal dessutan hindre eksport av alle varer som kan medverke til Irans oppningsverksem, opparbeiding av tungtvatn-relaterte aktivitetar eller til utvikling av leveringsmiddelet for kjernevåpen. Vidare er det vedteke forbod mot eksport av våpensystem til Iran og transport og formidling av våpen til landet.

<sup>5</sup> Forskrift om sanksjonar mot Iran fastsett ved kgl.res. 9. februar 2007 med heimel i Lov av 7. juni 1968 nr. 4 om gjennomføring av bindende vedtak av De Forente Nasjoners Sikkerhetsråd. Fremja av Utanriksdepartementet.

<sup>6</sup> Nuclear Suppliers Group (NSG)

<sup>7</sup> Regimet for eksportkontroll av missilteknologi (Missile Technology Control Regime, MTCR)

## **2.6 Tryggingsrådsvedtak om sanksjonar mot Nord-Korea**

---

Med utgangspunkt i tryggingsrådsresolusjon 1718 vedteken 14. oktober 2006 fastsette Utanriksdepartementet ei eiga forskrift<sup>8</sup> om sanksjonar mot Nord-Korea for å sikre gjennomføring i nasjonal rett.

Forskrifta set mellom anna forbod mot at norske rettssubjekt og alle som oppheld seg på norsk territorium, leverer våpensystem eller nærmere fastsett militært materiell og fleirbruksvarer for masseøydeleggingsvåpen til Nord-Korea. I tillegg omfattar forskrifta forbod mot eksport av visse luksusvarer og føresegner om å fryse formuesgode som er til rådvelde for visse personar og einingar.

<sup>8</sup> Forskrift om sanksjoner mot Nord-Korea fastsett ved kgl.res. 15. desember 2006 med heimel i Lov av 7. juni 1968 nr. 4 om gjennomføring av bindende vedtak av De Forente Nasjoner Sikkerhetsråd. Fremja av Utanriksdepartementet.

## **2.7 EU-kodeksen**

---

Noreg slutta seg til EU-kodeksen for våpeneksport i 1998. Dei åtte kriteria i kodeksen har hittil blitt handheva innanfor ramma av det norske regelverket. Kodeksen har utvikla seg til å framstå som eit internasjonalt referanseverk for lisensiering av våpen og militært materiell. I det multilaterale eksportkontrollsamarbeidet blir det i aukande grad referert til EU-kriteria. I tillegg dannar kodeksen i aukande grad ramma for openheit om utførsel av våpen og militært materiell. Innanfor EU blir det no arbeidd for å vidareutvikle og styrke kodeksen.

Frå norsk side er det lagt vekt på å medverke til internasjonal aksept for høge standardar på dette området. Dette gjeld både ansvar i behandlinga av søknader om utførsel og openheit om slik handel. På denne bakgrunnen gjorde Noreg og EU i 2004 ein avtale om eit nærmere samarbeid innanfor ramma av kodeksen. Samarbeidet inneber mellom anna at det blir utveksla regelmessig informasjon om avslag på søknader om eksport av våpen og militært materiell med utgangspunkt i kriteria i kodeksen. Oversyn over avslag på søknader om utførselslisens for våpen og militært materiell i samsvar med kodeksen er sett opp i kapittel 7.

### 3 Utanriksdepartementets arbeid for større innsyn

Regjeringa er oppteken av å gje større innsyn i spørsmål knytte til utførselen av norsk forsvarsmateriell. I denne meldinga er det difor lagt vekt på å skildre varene og teknologien som er utført i størst mogeleg grad, samtidig som det blir opplyst om kva land som har fått varene. For å gjere framstillinga av eksportomfanget meir oversiktleg er det òg utarbeidd grafiske framstillingar. Det er informert om formidling av forsvarsmateriell mellom tredjeland og om overføring av produksjonsrettar for forsvarsmateriell til utlandet. I tillegg er det informert om forsvarsstyresmaktas utførsel av forsvarsmateriell, om utførselen av handvåpen og om kva EU-kriterium som er lagde til grunn ved avslag på søknader om lisens.

Informasjonen er slik inndelt:

- varer som er utførte, mellom anna korleis varene fordeler seg på kategori A- og B-materiell,
- avslag på lisenssøknader,
- løyve til formidling av forsvarsmateriell frå eitt tredjeland til eit anna,
- løyve til overføring av produksjonsrettar,
- utførsel av handvåpen,
- relevante utlån av forsvarsmateriell frå forsvarsstyresmakta.

Det er lagt vekt på å gjere informasjonen meir oversiktleg ved å bruke grafiske framstillingar og forklaringar, mellom anna i form av fotnotar.

Det har dei siste åra blitt vesentleg større openheit om eksporten av forsvarsmateriell. Forsvarsbedriftene er pålagde nye rapporteringsplikter. For å etterleve desse pliktene krevst det godt innar-

beidde system og rutinar. Dette gjeld òg for det arbeidet Utanriksdepartementet har med rapportane, medrekna nødvendig kvalitetssikring av materialet.

For å sikre at informasjonen som står i den årlege stortingsmeldinga, er så korrekt og komplett som mogeleg, er det nødvendig å gje tid til å etablere dei nødvendige rutinane og systema. Det vesentlege innsyn i eksporten av forsvarsmateriell, må vurderas mot den lovpålagde teiepliktreglar og behovet bedriftene har for å verne om forretningsmessige tilhøve. Dette er bakgrunnen for at denne meldinga om eksporten av forsvarsmateriell i 2006 i hovudsak følgjer same formatet som meldinga om eksporten i 2005.

Praktiseringa av auka innsyn vil måtte skje innanfor ramma av dei avgrensingar som teieplikta i eksportkontrollova set. I medhald av lova har alle plikt til å gje Utanriksdepartementet den hjelpa som krevst for å kontrollere at føresegnene i lova eller forskriftene blir følgde. Det gjeld alle opplysningar som er rekna som nødvendige i samband med behandlinga av søknader om eksportlisens. Ein slik rett til å innhente bedriftssensitiv informasjon har sitt motstykke i dei strenge føresegnene om teieplikt i lova.

Når det gjeld Stortingets innsyn i eksporten av forsvarsmateriell, meiner regjeringa at Stortinget skal sikrast innsyn gjennom den årlege stortingsmeldinga om eksport av forsvarsmateriell. Regjeringa vil samtidig vidareføre praksisen med å konultere og informere Stortinget om saker av særleg omfang og som er særleg viktige.

## 4 Multilateralt samarbeid om eksportkontroll og ikkje-spreiing

Multilaterale ikkje-spreiingsavtalar og nedrustingsinstrument er sentrale uttrykk for det arbeidet verdssamfunnet driv med nedrusting og for å hindre spreiing av masseøydeleggingsvåpen, og dessutan ukontrollert flyt av andre våpen. For at ein skal nå målsetjingane med desse avtalane og instrumenta, er det likevel behov for at alle land gjennomfører ein effektiv nasjonal eksportkontroll.

Det at leverandørland samarbeider og koordinerer nasjonale tiltak gjennom multilateralt eksportkontrollsamarbeid er såleis eit viktig verkemiddel i arbeidet for å hindre spreiing av masseøydeleggingsvåpen og oppbygging av ei offensiv militær slagkraft som kan vere eit trugsmål mot internasjonal stabilitet og tryggleik. Dette samarbeidet finn først og fremst stad i dei multilaterale eksportkontrollregima<sup>1</sup>. Samarbeidet er oppretta av leverandørland for å sikre at folkerettslege avtalar på ikkje-spreiingsområdet blir etterlevde, særleg avtalen om ikkje-spreiing av kjernevåpen (NPT), kjemivåpenkonvensjonen (CWC) og konvensjonen om forbod mot biologiske våpen (BWC). På denne måten tek land som har sensitiv teknologi, ansvar for å sikre at varene og teknologien deira ikkje medverkar til å utvikle masseøydeleggingsvåpen eller hamnar i hendene på terroristar.

Dei seinare åra har leverandørland òg arbeidd for at alle land skal gjennomføre eksportkontroll. Bakgrunnen for dette er i hovudsak kunnskapen om at oppkjøparar til skjulte våpenprogram utnyttar land med svake kontrollrutinar for å skaffe seg dei varene og den teknologien dei ønskjer. Sluttbrukarkontroll er difor blitt eit nøkkelord for eksportkontrollen i leverandørland, og tendensen går klart i retning av at det òg blir kontroll med transitt, transport og formidling mellom tredjeland. I tillegg er det ei auka satsing på målretta informasjonsutveksling mellom landa.

Etter terroråtaka 11. september 2001 har det internasjonale samfunnet sett i verk nye tiltak for å

hindre at våpen, militært materiell og sensitive fleirbruksvarer kjem i hendene på ikkje-statlege aktørar. Tryggingsrådsresolusjon 1373 (2001) pålegg medlemslanda å treffe nødvendige tiltak mot terrorisme gjennom lovgjeving og kontrolltiltak på nasjonalt plan. Tryggingsrådet i FN vedtok dessutan 28. april 2004 resolusjon 1540 om ikkje-spreiing av masseøydeleggingsvåpen. Resolusjonen gjev støtte til og godkjenner eksportkontrolltiltak i kampen mot spreiing av masseøydeleggingsvåpen. Han forpliktar alle FN-medlemslanda til å motarbeide spreiing av kjernevåpen, biologiske og kjemiske våpen og leveringsmiddel (missil) for slike våpen. Denne forpliktinga gjeld uavhengig av om landa er part i dei globale nedrustings- og ikkje-spreiingsavtalane. Rapporteringskrava er særleg knytte til nasjonal lovgjeving når det gjeld import- og eksportkontroll, politi- og tollkontroll og fysisk sikring av sensitivt materiale. Det er oppretta ein eigen komité under Tryggingsrådet i FN for å analysere rapportane frå medlemslanda.

Innanfor dei multilaterale eksportkontroll- og ikkje-spreiingsregima er det teke ei rekke initiativ for å medverke til å oppfylle tryggingsrådsresolusjon nr. 1373 og 1540 om tiltak mot terrorisme. Retningslinjene i regima er oppdaterte til å omfatte tiltak som kan hindre at sensitive varer og teknologi hamnar i hendene på terroristar. Det er teke initiativ til ei meir omfattande utveksling av aktuell informasjon, identifisering av varer og teknologi som er særleg relevant i terrorsamanheng og større openheit om leveransar av slike varer og slik teknologi. Det er oppretta tiltak som mellom anna er retta mot kontroll med dei som formidlar og distribuerer sensitive varer og sensitiv teknologi mellom tredjeland. Det er òg teke initiativ i retning av tiltak for å avdekke bruken av mellomledd og frontelskap i samband med illegitime omsetningsaktivitetar. Noreg er ein pådrivar i dette arbeidet. Med utgangspunkt i tryggingsrådsresolusjon 1540 har dei multilaterale eksportkontrollregima vendt seg til 1540-komiteen og tilbode assistanse til land som har behov for å sikre at forpliktingane blir etterlevde og gjennomførte.

I arbeidet med å identifisere korleis eksportkontroll kan medverke til å hindre at terroristar får tilgang til våpen og sensitive varer, blir det lagt sær-

<sup>1</sup> Australia-gruppa (kjemiske og biologiske våpen), Nuclear Suppliers Group (NSG) og Zangger-komiteen (kjernefysiske våpen), regimet for kontroll med eksport av missilteknologi (MTCR), Wassenaar-samarbeidet (WA) (konvensjonelle våpen og sensitiv høgteknologi).

leg vekt på utveksling av informasjon, kontroll med transittsendingar, styrking av grensekontrollen, kontroll med formidlinga mellom tredjeland og immateriell teknologioverføring. I tillegg er det sett i gang eit arbeid for å vurdere kva sensitive varer som kan vere mest attraktive for terroristar, og som ikkje står på kontrollistene i dag. Dette dreier seg til dømes om utstyr som kan forstyrre samband (jammeutstyr) og visse typar laserutstyr. Det er dessutan oppretta høge internasjonale kontrollstandardar for handel, transport og lagring av berbare luftvernsystem (MANPADS<sup>2</sup>). I hendene på terroristar er slike våpen eit alvorleg trugsmål mot sivil luftfart. Innanfor Wassenaar-samarbeidet er det vedteke omfattande retningslinjer for kontroll med både leveransar og lagring av slike våpen.

I tillegg til utveksling av informasjon om slutt-brukarar, frontselkap, omsetningsmetodar, fraktruter og prosjekt som det knyter seg særleg uro til i spreiingssamanheng, skjer det ei omfattande utveksling av informasjon mellom regimelanda om faktisk eksport og avslag på lisenssøknader. Det er ein føresetnad at landa tek omsyn til denne informasjonen i sitt eige lisensieringsarbeid, mellom anna ved å avslå lisensar som andre regimeland har meldt om avslag på.

Det er eit mål å knyte potensielle leverandørland som står utanfor eksportkontroll-regima, nærmare til det internasjonale samarbeidet. Tryggingsrådsresolusjon 1540 gjev no legitimitet til dette arbeidet. Som formann i Nuclear Suppliers Group (NSG) 2005–2006 og som deltakar i formannskaps-troikaen 2006–2007 har Noreg lagt stor vekt på å føre ein tett dialog med land som står utanfor dei multilaterale eksportkontrollregima, for å fremje større forståing for at det er viktig med nasjonale eksportkontrolltiltak og innsats på ikkje-spreiings-området.

Arbeidet med å hindre spreiing av masseøydeleggingsvåpen går føre seg langs fleire spor. Eit av spora er tryggingsrådsresolusjon 1540 som pålegg FN-medlemslanda å setje i verk ei rekke nasjonale tiltak. For mange land er arbeidet med å følgje opp resolusjonen krevjande og stiller store krav til ressursar. I denne samanhengen er det frå norsk side lagt vekt på å medverke med kompetanse og ressursar både bilateralt og i samband med regionale eller internasjonale seminar. Formålet er å hjelpe andre land med å etablere ein adekvat eksportkontroll.

I 2006 bidrog Noreg mellom anna i slike aktivitetar overfor land i Latin-Amerika, Søraust-Asia, Sentral-Asia og Kaukasus. I november 2006 arran-

gerte Indonesia og Noreg ein konferanse i Indone-sia for landa i Sør-Asia om korleis ein kan styrke arbeidet med ikkje-spreiing, mellom anna gjennom nasjonale eksportkontrolltiltak. I mars 2007 arrangerde Noreg saman med den tyske EU-formannskapen og Chile ein konferanse i New York. Formålet med denne konferansen var å styrke det praktiske samarbeidet mellom dei landa som har gode nasjonale system for å hindre spreiing, og dei landa som har mangelfulle ordningar. Over 30 land frå alle regionar deltok saman med representantar frå ulike FN-organisa-sjoner og akademiske miljø. Dette norske engasje-mentet blir verdsett internasjonalt.

Dei siste åra har ein sett ein aukande aktivitet frå EU si side innanfor dei multilaterale eksport-kontrollregima. Eksportkontroll er eitt av tre sat-singsområde som EU har sett opp i kampen mot terrorisme. Det er eit omfattande samarbeid og koordinering mellom EU-landa om eksportkon-troll. Det er òg oppretta eit vesentleg program retta mot dialog med og opplæring av relevante styremakter i land som ikkje deltek i eksportkontrollre-gima.

Frå norsk side er det oppretta eit nært samar-beid og koordinering med EU på eksportkontroll-området. Noreg nyttar mellom anna EUs fleir-bruksregime som utgangspunkt for den norske kontrollen både når det gjeld kontrollista og kontrollmekanismar. Dette er med på å sikre at det i størst mogeleg grad er det same regelverket som gjeld for norske eksportørar som for europeiske samarbeidspartnarar og konkurrentar.

## 4.1 Dei globale nedrustnings- og ikkje-spreiingsavtalane

### *Avtalen om ikkje-spreiing av kjernevåpen (NPT)*

NPT tok til å gjelde i 1970 og har vore med på å avgrense talet på land som har skaffa seg kjernevå-pen. Avtalen byggjer på ei forståing om at berre dei fem statane<sup>3</sup> som hadde utvikla kjernevåpen innan 1. april 1961, har legitim rett til å ha slike våpen. Gjennom ratifiseringa av NPT forplikta desse landa seg til å ruste ned. Avtalen omfattar òg tiltak for å hindre spreiing av kjernefysisk teknologi for våpenformål. Samtidig slår avtalen fast at alle statspartar har rett til kjernefysisk teknologi til sivil bruk.

NPT har dei siste åra vore utsett for alvorlege påkjeningar ved at dei tre landa som står utanfor

<sup>2</sup> Man Portable Air Defence Systems, MANPADS

<sup>3</sup> Frankrike, Kina, Russland, Storbritannia og USA.

avtalen (India, Pakistan og Israel), har eller ein reknar med at dei har utvikla kjernevåpen. Samtidig har mellom anna USA, Storbritannia, Frankrike og Russland teke til orde for å bringe desse landa nærmare det multilaterale ikkje-spreiingsregimet.

Gjennom NPT har dei fem anerkjende kjernevåpenstatane forplikta seg til å ruste ned. Målet er ei verd fri for kjernevåpen. Mellom mange land er det ei utbreidd oppfatning at framdrifta i nedrustningsarbeidet har stansa opp. Mange land er skeptiske til å påta seg nye ikkje-spreiingsforpliktingar før kjernevåpenlanda har innfridd meir på nedrustningsområdet. Regjeringa legg til grunn at nedrusting og ikkje-spreiing gjensidig må forsterke kvarandre, men ønskjer òg å motverke at ein koplar desse to spørsmåla slik at framgang på eitt område blir knytt til framgang på det andre. Ikkje-spreiingstiltak slik som eksportkontroll og effektive verifikasjonsordningar fremjar global tryggleik og må ikkje knytast opp til framgang på nedrustningsområdet.

Noreg har teke eit særleg ansvar internasjonalt for å styrke arbeidet med nedrustings- og ikkje-spreiingsspørsmål. Vi samarbeider tett med ei gruppe på seks land (Chile, Romania, Australia, Sør-Afrika, Indonesia og Storbritannia) på dette området. Denne såkalla 7-landsgruppa blei oppretta før FN-toppmøtet i september 2005 og har i tida etterpå hatt regelmessig kontakt.

Frå regjeringa er det ei prioritert oppgåve å medverke til at den kjernefysiske nedrustinga skal halde fram. For å lukkast på dette området er det viktig å komme med konkrete og realistiske nedrustingsframlegg. I dette arbeidet har regjeringa styrkt kontakten med norske og utanlandske forskingsmiljø. Dette samarbeidet vil saman med 7-landsinitiativet bli særleg viktig fram mot NPTs tilsynskonferanse i 2010. Det førebuande arbeidet til denne starta i april i 2007.

#### *Konvensjonen mot biologiske våpen*

Biologivåpenkonvensjonen (BTWC) tok til å gjelde i 1975 og set forbod mot framstilling, lagring og omsetning av biologiske og giftige stridsmiddel. Det er blitt gjort fleire forsøk på å styrke denne konvensjonen ved mellom anna å få på plass verifikasjonsordningar. Desse forsøka har så langt ikkje ført fram. Noreg spelte ei aktiv rolle for å oppnå semje i desember 2006 om eit nytt arbeidsprogram med særskilt vekt på nasjonale tiltak for å gjennomføre BTWC-forpliktingane, slik som fysisk vern av farleg biologisk materiale, nasjonal rapportering, å fremje større samarbeid for å utnytte framsteg innan biologiske vitskapar og å fremje større opp-

slutning om konvensjonen. Det er vidare oppretta ei lita eining i FN-sekretariatet for å støtte opp om BTWC.

#### *Konvensjonen mot kjemiske våpen*

Kjemivåpenkonvensjonen (CWC) tok til å gjelde i 1997 og forpliktar partane til ei omfattande rapportering om relevante aktivitetar, mellom anna all inn- og utførsel av visse kjemikaliar. Det er òg oppretta eit større sekretariat som hjelper statspartane med å gjennomføre forpliktingane sine. CWC inneholder klare forpliktingar når det gjeld å destruere lager av kjemivåpen, men fleire land har hatt vanskar med å gjennomføre destruksjonsforpliktingane sine innanfor tidsfristane. Konvensjonen inneholder òg eit omfattande inspeksjonsregime.

Ei eiga lov sikrar norsk gjennomføring av konvensjonen.

#### *Tryggingskontrollavtalar med IAEA, Tryggingsrådet i FN og andre multilaterale tiltak*

Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA) i Wien har ei nøkkelrolle når det gjeld gjennomføringa av tiltak for å sikre at kjernefysisk materiale og utstyr ikkje blir brukt til militære formål. Alle statspartane i NPT pliktar å inngå tryggingskontrollavtalar med byrået. Noreg gjorde ein slik avtale med IAEA allereie i 1972.

Irak-erfaringane tidleg på 1990-tallet viste mellom anna at dei eksisterande tryggingskontrollavtalane ikkje var tilstrekkelege. Dette førte til framforhandling av ein modell med tilleggsprotokollar til tryggingskontrollavtalane for dei einskilde landa. Tilleggsprotokollen forpliktar partane til å gje meir detaljert informasjon om aktivitetar knytte til kjerneteknisk verksemد og til å gje IAEA rett til uavhengig verifikasjon av at informasjonen er korrekt. Ein tilleggsprotokoll til Noregs tryggingskontrollavtale av 1972 tok til å gjelde 16. mai 2000. Det er allereie gjort fleire inspeksjonar under tilleggsprotokollen.

Trass i at tilleggsprotokollen har eksistert i 10 år, er det berre 112 land som har undertekna avtalen, og den har tredd i kraft i 78 land. Frå norsk side blir det arbeidd for at så mange land som mogeleg underteknar og gjennomfører IAEAs tilleggsprotokoll. Dette er ei prioritert oppgåve for Noreg i IAEA-styret. I NPT tek Noreg til orde for at tilleggsprotokollen må gjerast obligatorisk, og i det kjernefysiske eksportkontrollregimet NSG for at den skal vere eit vilkår for å kunne ta imot visse kjernefysiske varer.

## 4.2 Dei multilaterale eksportkontrollregima

Det er oppretta fem multilaterale eksportkontrollregime. Desse dekkjer teknologiområde knytte til masseøydeleggingsvåpen og konvensjonelle våpen. Regima har ei rekkje fellestrek: Det er oppretta varelister og retningslinjer, arbeidet skjer i ulike ekspertforum og årlege plenumsmøte gjer vedtak som ein føreset blir gjennomførte av det einskilde medlemslandet gjennom nasjonal lovgjeving og praksis.

### *Wassenaar-samarbeidet*

Wassenaar-samarbeidet (WA, The Wassenaar Arrangement) blei oppretta i 1996 og har som målsetjing å hindre leveransar som kan føre til destabilisante oppbygging av konvensjonelle våpen og sensitiv høgteknologi, og å hindre terroristar og terrorgrupper i å få tilgang til slike våpen. 39 land er med i samarbeidet.

WA byggjer i stor grad på utveksling av informasjon om godkjennning av og avslag på lisensar og dessutan gjennom å utvikle felles standardar for nasjonale eksportkontrolltiltak. I tillegg er det vedteke retningslinjer om ei rekkje spørsmål mellom anna knytte til kontroll med berbare luftvernsystem, handvåpen og lette våpen, immateriell teknologi og formidling av våpen mellom tredjeland. WA er no eit solid og relevant eksportkontrollregime som set høge standardar for kontroll med konvensjonelle våpen og relevant høgteknologi.

Wassenaar-samarbeidet gjennomfører fjerdekvart år særskilte forhandlingar med sikte på å styrke og vidareutvikle samarbeidet. Det vil bli gjennomført ein slik forhandlingsrunde i 2007. Frå norsk side vil vi ta aktivt del i dette arbeidet, med særleg fokus på å oppnå større openheit om våpenleveransar mellom WA-landa og styrke forpliktingane når det gjeld kontroll med transport og formidling av våpen mellom tredjeland.

### *Zangger-komiteen og Nuclear Suppliers Group (NSG)*

Det er etablert to regime for kjernefysiske relatert eksportkontroll. Zangger-komiteen blei oppretta i 1971 som ei arbeidsgruppe under avtalen om ikkje-spreiing av kjernefysiske våpen (NPT) for å sikre ei mest mogeleg einsarta tolking av artikkel III.2 i avtalen, som krev at partane skal sikre at det ikkje blir eksportert materiale som kan nyttast til utvikling av kjernefysiske våpen. Zangger-komiteen blei i 1974 samde om ei liste over spaltbart materiale

med utgangspunkt i artikkel III.2 i NPT (kalla «trigger-lista»).

I 1976 gjekk ei rekkje land saman og danna Nuclear Suppliers Group (NSG) fordi ein ønskte ein meir omfattande eksportkontroll med kjernefysiske produkt og materiale enn den Zangger-komiteen kunne fastsetje med utgangspunkt i artikkel III.2 i NPT.

NSG har i dag 46 medlemsland, mellom anna alle dei fem faste medlemmene av Tryggingsrådet i FN. Regimet har i aukande grad oppnådd aksept for å ha etablert ein høg internasjonal standard for gjennomføring av nasjonal eksportkontroll av kjernefysiske varer og teknologi.

NSG omfattar to sett retningslinjer og to varelister: ei for reint kjernefysiske materiale og teknologi (frå 1976) og ei for fleirbruksvarer og tilhøyrande teknologi (frå 1992). Fleirbruksregimet frå 1992 var eit direkte svar på avsløringane av kjernevåpenprogrammet i Irak, som i vesentleg grad var utvikla på basis av fleirbruksteknologi. Retningslinjene krev som vilkår for leveranse av kjernefysiske varer at det ligg føre ei heildekjkjande tryggingskontrollavtale med IAEA.

Noreg hadde formannskapen i NSG i perioden juni 2005–juni 2006 og sat i formannskapstroikaen til Sør-Afrika tok over formannskapen i gruppa i april 2007.

Gjennom desse posisjonane har Noreg arbeidd aktivt for å styrke gruppas verdi når det gjeld kjernefysiske eksportkontroll, medrekna framdrift og vidareutvikling av ikkje-spreiings- og eksportkontrollstandardane til NSG.

### *Australia-gruppa*

Australia-gruppa (AG) blei etablert i 1984 og har som formål å hindre spreiing av kjemiske og biologiske våpen. Ein har grunn til å mistenkje fleire land for å sitje inne med slike våpen. Det er òg frykt for at terroristar kan få tilgang til kjemiske og biologiske våpen eller relevante utgangsstoff. Mange sensitive kjemikaliar er billege, enkle å bruke og verknaden kan vere alvorleg i avgrensa område. For å medverke til å oppfylle tryggingsrådsresolusjon 1373 av 28. september 2001 om tiltak mot terrorisme er det teke initiativ til dialog og samarbeid med potensielle leverandørland og transittland for å hindre terroristar i å få tilgang til utgangsstoff for kjemiske våpen, biologiske agensar eller produksjons- og spreiingsutstyr. For å sikre ei mest mogeleg einsarta etterleving blei det i 2002 vedteke retningslinjer som utgangspunkt for den nasjonale gjennomføringa av kontrollen i deltakarlanda.

Dei seinare åra er det vedteke å styrke dialogen med land som ikkje deltek i regimet, men som er potensielle leverandørar av sensitive kjemikaliar og biologiske substansar. Samtidig er det semje om større openheit mellom landa i Australia-gruppa om å gjennomføre konsensusvedtak i regimet. Etter initiativ frå Noreg og Australia har gruppa innleidd ei kartlegging av medlemslandas kontroll med formidlinga av relevante fleirbruksvarer mellom tredjeland. Frå norsk side tek ein sikte på å vidareføre arbeidet med å identifisere adekvate retningslinjer for slik kontroll med Australia-gruppa som ramme.

#### *Kontroll med spreiing av missilteknologi*

Regimet for kontroll av missilteknologi (MTCR) har til siktet mål å avgrense spreiinga av missil, rakettystem og ubemannluftfarty som kan levere masseøydeleggingsvåpen. MTCR, der 34 land no er med, blei oppretta i 1987 av G7-landa. Noreg sluttar seg til i 1990. Det er utarbeidd ei felles liste over teknologi og materiale som blir kontrollert, og denne blir jamleg oppdatert.

I lys av terrortrusselen knytt til spreiing av masseøydeleggingsvåpen har MTCR vedteke prosedyrar for å forsterke utvekslinga av informasjon om statar som representerer ein potensiell spreingsfare. Også innanfor MTCR blir det drøfta om det lèt seg gjere å innføre forpliktingar om kontroll med formidlinga av fleirbruksvarer mellom to tredjeland.

MTCR har vore det einaste internasjonale forumet som har til formål å hindre spreiing av leveringsmiddel for masseøydeleggingsvåpen. Som ledd i styrkinga av dette arbeidet tok MTCR-landa initiativ til ein internasjonal kodeks mot missilspreiing, «The Hague Code of Conduct» (HCOC), som blei etablert i 2002. I dag har over 120 land sluttar seg til han. Det er gjort nærmere greie for HCOC i kapittel 4.3.

### **4.3 Andre ikkje-spreiingstiltak**

#### *Initiativet for spreiingstryggleik*

Faren for at terroristar skal tilegne seg masseøydeleggingsvåpen har dei seinare åra ført til eit sterkare internasjonalt samarbeid gjennom initiativet for spreiingstryggleik (Proliferation Security Initiative) for å kunne avskjere handel med og transport av masseøydeleggingsvåpen og relatert teknologi. Det blir lagt særleg vekt på politi- og justissamarbeid og på opprulling av internasjonale

nettverk for oppkjøp og spreiing av innsatsvarer relaterte til masseøydeleggingsvåpen. Norsk delta-kning i PSI-initiativet representerer ei naturleg vidareføring av engasjementet vårt når det gjeld ikkje-spreiing og kampen mot internasjonal terrorisme.

Det er oppretta eit interdepartementalt samarbeid i form av ei kontaktgruppe som blir koordinert av Utanriksdepartementet. Dette samarbeidet har medverka til ein auka nasjonal beredskap for å kunne reagere i internasjonale krisesituasjonar. Noreg var hausten 2005 vertskap for ei omfattande øving ved Sjøkrigsskulen i Bergen med deltakarar frå 17 land som testa ut prosedyrar for avskjering av lufttransport med masseøydeleggingsvåpen med tanke på spreiing. I januar 2007 arrangerte departementet ei øving som samla alle relevante instansar i Noreg. Formålet var å gå gjennom avgjerdsnivå og -rutinar i tilfelle ei avskjering skulle bli nødvendig innanfor norsk jurisdiksjon. I tillegg har Noreg delteke i ei rekke øvingar som er arrangerte i andre PSI-land.

#### *Haag-kodeksen mot missilspreiing*

Den internasjonale kodeksen mot spreiing av ballistiske missil, «The Hague Code of Conduct» (HCOC), blei lansert i Haag i 2002. Kring 120 land har no sluttar seg til kodeksen. Den største utfordringa er likevel å få fleire land frå regionar der ein reknar spreiingsfaren for å vere størst, til å slutte seg til kodeksen.

HCOC er eit politisk instrument. Gjennom ei rekke tillitskapande tiltak er målet at kodeksen skal medverke til å avgrense utviklinga og spreiinga av missil som kan levere masseøydeleggingsvåpen. Førehandsvarsling om utskyting av rakettar og ballistiske missil frå eige territorium og årlege rapporteringar om relevante aktivitetar er mellom dei viktigaste tiltaka. Noreg rapporterer årleg om aktivitetar knytte til dei to rakettskytefelte høvesvis på Andøya og i Ny-Ålesund, og varsler på førehand om rakettutskytingar frå desse. Under plenumsmøtet i New York i oktober 2003 tok ein frå norsk side initiativ til å invitere observatørar i samband med rakettkampanjar og utskyting av missil frå norsk territorium. Ein må sjå initiativet på bakgrunn av ønsket om å styrke HCOC som eit tillitskapande instrument. I 2005 tok Japan eit liknande initiativ.

Frå norsk side støttar ein framlegg om at HCOC bør førast inn i ein FN-prosess med sikte på å utvikle eit FN-instrument mot missilspreiing. Frå norsk side er det ønskjeleg at kodeksen med tida blir eit rettsleg bindande instrument.

### *FN-registeret for konvensjonelle våpenoverføringer*

Generalforsamlinga i FN vedtok i desember 1991 ein resolusjon som oppfordra medlemslanda til frå og med 1992 å rapportere årleg om eigen eksport og import av tyngre konvensjonelle våpen til eit eige FN-register over våpenoverføringer. Registeret inneholder opplysningar om følgjande sju våpenkategoriar: stridsvogner, pansra stridskøyretøy, tungt artilleri, jagerfly, angrepshelikopter, krigsskip og missil/missilplattformer. FN-registeret for konvensjonelle våpenoverføringer skal gje auka innsyn i internasjonal våpenhandel. Men registeret er mangefullt og gjev ikkje eit fullstendig bilet av den internasjonale handelen med konvensjonelle våpen. Enno er det under halvparten av medlemslanda som rapporterer til registeret. Mellom desse er likevel nesten alle dei store eksportørane av tyngre konvensjonelle våpen og dei fleste store importlanda. Noreg støttar aktivt opp om dei initiativ som er tekne for å utvide registeret til å omfatte fleire våpenkategoriar.

### **4.4 Handvåpen og arbeidet for å hindre ulovleg våpenhandel**

Eksportkontroll og ulovleg internasjonal handel med handvåpen er dagsaktuelle spørsmål i mellom anna FN, EU, OSSE og i Wassenaar-samarbeidet (WA).

Med utgangspunkt i FNs handlingsplan mot ulovleg handel med handvåpen har Noreg og Nederland samarbeidd om å fremje etableringa av nasjonal lovgjeving for kontroll med formidlinga av handvåpen. I samband med dette er det etablert eit positivt samarbeid med fleire regionale organisasjonar, særleg i Afrika. Innanfor ramma av OSSE har Noreg, Nederland og Tyskland samarbeidd om å setje i verk dei felles prinsippa om kontroll med formidlinga av handvåpen som blei vedtekne i 2004.

FNs generalforsamling vedtok hausten 2005 eit internasjonalt instrument om merking og sporing av handvåpen. Generalforsamlinga vedtok òg å setje ned ei ekspertgruppe for å vurdere vidare skritt for å nedkjempe ulovleg våpenmekling. Noreg er representert i ekspertgruppa. Gruppa

skal leggje fram rapporten sin for Generalsekretæren i FN i juni/juli 2007. Denne rapporten vil deretter bli behandla vidare i Generalforsamlinga hausten 2007. Frå norsk side legg vi vekt på at drøftingane i Generalforsamlinga skal munne ut i ei semje om å forhandle fram eit globalt, omfattande og folkerettsleg bindande instrument for å nedkjempe slik våpenmekling. Det er likevel klart at ei rekke sentrale statar neppe er klare til å gå like langt og ser for seg mindre omfattande og forpliktande arrangement.

Noreg har òg støttat ei rekke prosjekt for å betre lovgjevinga og det internasjonale samarbeidet og for å leggje til rette for innsamling og destruksjon av handvåpen i utsette område. I samband med dette samarbeider vi nært med både regionale, sub-regionale og frivillige organisasjonar.

Noreg har sluttat seg til EUs felles haldning om handvåpen av 12. juli 2002.

Frå norsk side går vi inn for ein betre global kontroll med alle våpenoverføringer. Vi helste velkommen det britiske initiativet om å leggje til grunn prinsipp som skal sikre mot at våpeneksport bryt embargoar eller blir brukt i samband med brot på menneskerettar eller internasjonal humanitærrett. Saman med dei fleste av FN-medlemslanda støttar Noreg arbeidet for å forhandle fram eit internasjonalt instrument om handel med alle typar konvensjonelle våpen (Arms Trade Treaty – ATT). Eit slikt instrument vil òg betre kontrollen med handelen med handvåpen og vil såleis vere eit viktig steg i arbeidet mot ulovleg handel med slike våpen.

Arbeidet med ein avtale om å regulere handelen med konvensjonelle våpen tok eit viktig steg framover då Generalforsamlinga hausten 2006 vedtok å setje ned ei ekspertgruppe som skal vurdere omfanget og innhaldet i ein mogeleg global, omfattande og folkerettsleg bindande avtale om konvensjonell våpenhandel. Noreg var mellom medframleggstillarane til det vedtaket som blei gjort. Framleggget blei vedteke mot ei røyst (USA), medan eit tjuetal land avstod frå å røyste. Ekspertgruppa skal byrje arbeidet sitt i 2008. Det er ei norsk målsetjing å vere representert i gruppa som skal setjast saman ut frå ei geografisk og regional rimeleg fordeling.

## 5 Det nasjonale eksportkontrollapparatet

Utanriksdepartementet er nasjonal styresmakt og forvalningsorgan for eksportkontrollen. Ansvaret for politiske spørsmål, regelverket og lisensieringa ligg i departementet. Departementet har i tillegg ansvaret for å samordne den nasjonale innsatsen på eksportkontrollområdet. Det nasjonale eksportkontrollapparatet omfattar Tollverket, Politiets tryggingsteneste (PST), Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) og Forsvarsstabben. I nokre saker kan det òg vere aktuelt å samarbeide med andre etatar, særleg Forsvarsdepartementet, Institutt for energiteknikk (IFE) eller Statens strålevern. Tollverket er ansvarleg for å handheve eksportkontrollen, og PST har ansvaret for å førebyggje og etterforske mogelege brot på regelverket.

Merksemda er no retta mot ikkje-statlege aktørar i tillegg til mot spreiingsland. Det er ei tydeleg utvikling mot auka oppgåver på eksportkontrollområdet. I tillegg er sakene blitt stadig meir komplekse. Dette krev eit tett samarbeid mellom dei etataane som er involverte.

Utanriksdepartementet tok i januar 2007 initiativet til å opprette eit tverrinstitusjonelt samarbeid mellom dei involverte instansane, i første rekke PST, Forsvarsstabben, Tollverket og FFI. Gruppa kjem saman med jamne mellomrom for å drøfte og koordinere kontrolltiltak. I tillegg kjem gruppa saman i situasjonar som krev rask samhandling. Eit slikt formalisert fleirfagleg samarbeid vil leggje til rette for ei best mogeleg utnytting av ressursar og koordinering av dei involverte aktørane sine aktivitetar på eksportkontrollområdet. Intensjonen er å kanaliserere eksportkontrollspørsmål i brei forstand for å drøfte dei i gruppa. Dette vil sikre kompetansebygging, samordning og nødvendig kontinuitet, og representerer såleis ei vesentleg styrking av den norske eksportkontrollinnsatsen.

I politilova av 4. august 1995 nr. 54 blei det i endring av 15. juni 2001 (§ 17b) mellom anna lagt til at PST skal førebyggje og etterforske spreiinga av masseøydeleggingsvåpen og av utstyr, materiale og teknologi for produksjon eller bruk av slike våpen. Vidare blir PST pålagt å førebyggje og etterforske brot på føresegner i eller i medhald av *Lov om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi m.v.* og *Lov til gjennomføring av bin-*

*dende vedtak av De Forente Nasjoners Sikkerhetsråd* eller anna lovgeving om tilsvarande særlege tiltak.

PST har sett i gang ein landsomfattande førebyggjande aktivitet retta mot relevante bedrifter, offentlege instansar, akademiske institusjonar og forskingssentra. Formålet er å skape større medvit hos desse når det gjeld trugsmålet om spreiing av masseøydeleggingsvåpen og trugsmålet om illegalt kjøp av utstyr, teknologi og kunnskap til program for utvikling av slike våpen eller leveringsmiddel.

I tillegg til dei kontrollane Tollverket utfører på eige initiativ, samarbeider Utanriksdepartementet og PST med Tollverket om kontrollarbeidet. Slik kontroll kan gjelde verifikasjon av utførselsdokument og fraktdokument eller fysisk kontroll av varene. Når Tollverket går gjennom ein bedriftsrekneskap, skal dei òg kontrollere dokument som gjeld eksport bedifta har utført. Vidare har PST og Tollverket styrkt samarbeidet om eksportkontrollen i distrikta.

Som eit resultat av informasjonsutvekslinga i dei multilaterale eksportkontrollregima har Utanriksdepartementet etablert ein database over utanlandske importørar og brukarar som det i spreiingssamanhang knyter seg ei viss uro til. Tollverket har òg tilgang til denne databasen, slik at planlagd utførsel til desse mottakarane kan bli oppdagat og undersøkt nærmare. Databasen blir oppdatert kontinuerleg.

Ved fysisk tollkontroll, vurdering av tekniske eigenskapar og bruksområde for produkt, teknologi eller tenester kan ein nyte seg av ekspertise frå FFI eller IFE. Dersom ein eksportsøknad rører ved viktige forsvarsspørsmål eller materiellsamarbeidet med andre land, blir det innhenta fråsegner frå Forsvarsdepartementet. Nærings- og handelsdepartementet blir konsultert når ein søknad rører ved viktige norske næringsinteresser.

### *Bevisstgjering gjennom informasjon til eksportørane*

Eit effektivt eksportkontrollsysteem krev nært samarbeid og dialog med produsentar og leverandørar av sensitive varer og teknologi. Det blir etablert ein stadig nærmare dialog med relevante teknologibe-

drifter for å sikre at alle det vedkjem, er kjende med regelverket og har etablert interne rutinar for å sikre at dette blir etterlevd i bedrifta. For å sikre dette, blir det halde årlege orienteringsmøte i tillegg til eigne møte med representantar for einskilde bedrifter.

Både dei multilaterale eksportkontrollregima og Tryggingsrådet i FN har gjort vedtak og komme med sanksjonar mot enkelte land. Desse vedtaka og sanksjonane krev eit nært samarbeid og dialog med potensielle teknologileverandørar nasjonalt for å kunne etterlevast. Dette inneber at departementet vil styrke dialogen og informasjonsinnsatsen sin overfor norsk næringsliv framover.

Det blir lagt vekt på at ein skal vere tilgjengeleg for næringslivet i det daglege arbeidet, både ved telefonkontakt, bruk av e-post og personleg kontakt. Også andre aktørar i det nasjonale apparatet har kontakt med relevante eksportørar og potensielle leverandørar av sensitive varer for å utveksle informasjon, mellom anna Tollverket og Politiets tryggingsteneste (PST).

Det er svært viktig for norske teknologibedrifter og -institusjonar at norske styresmakter har tillit og truverde når det gjeld å gjennomføre ein ansvarleg eksportkontroll. For å medverke til å sikre dette, er informasjonsverksemd og etablering av etterlevingsrutinar i relevante bedrifter ei viktig oppgåve for Utanriksdepartementet.

Omfattande informasjon om eksportkontrollen er i tillegg lagd ut på Internett ([www.eksportkontroll.mfa.no](http://www.eksportkontroll.mfa.no)). Det blir lagt stor vekt på å auke ålmenta sin kunnskap om eksportkontroll og ikkje-spreiing, og det blir heile tida arbeidd med å halde informasjonen på heimesida oppdatert og relevant.

## 5.1 Eksportkontroll av forsvarsmateriell

I samsvar med retningslinjene skal våpen og ammunisjon (kategori A-materiell) berre leverast til statlege styresmakter. Eksportkontrollen omfattar ikkje aktivitetane til det norske forsvaret. Det er gjort unntak frå reglane når utstyret skal brukast av norske styrkar i utlandet, til dømes i samband med internasjonale operasjonar, under minerydding eller som ledd i kampen mot internasjonal terrorisme, eller når mottakaren er forsvarsstyresmakta i eit NATO- eller EU-land. Forsvarsdepartementet er pålagt å rapportere om slik utførsel kvart år. Informasjon om forsvarets utlån og bruk

av eige materiell i utlandet er sett opp i kapittel 7 i denne meldinga.

Regelverket krev ikkje at det blir innhenta løyve frå Utanriksdepartementet til marknadsføring. Slik verksemdu er likevel så langsiktig og ressurskrevjande at bedriftene normalt ønskjer førehandstilsegn om at eksportlisens kan pårekna fôr dei bruker vesentlege ressursar. Utanriksdepartementet behandler førespurnader om førehandstilsegn i samsvar med retningslinjene, på same måten som om det gjaldt konkrete lisenssøknader. Når ein gjev førehandstilsegn, tek ein likevel alltid atterhald om at spørsmålet om eksportlisens vil bli vurdert i lys av situasjonen på det tidspunktet ein konkret søknad ligg føre.

Konvensjonell våpeneksport er i utgangspunktet eit nasjonalt ansvar og må òg sjåast i samanheng med eigne tryggingsinteresser og beredskap. Det er eit positivt trekk at det dei siste åra er utvikla eit auka internasjonalt samarbeid og koordinering også på dette området. Dette samarbeidet har òg bana vegen for større openheit om landa sine eksportaktivitetar.

### Samarbeidsavtalar

Ved underleveransar frå Noreg til utanlandske produsent i tilfelle der det ligg føre ein samarbeidsavtale mellom den norske og den utanlandske bedrifta, som er godkjend av vedkommande styresmakt, kan Utanriksdepartementet fråvike kravet om sluttbrukarkontroll. Per 1. april 2006 ligg det føre i overkant av 50 slike samarbeidsavtalar. Denne ordninga er avgjerande for at norske bedrifter skal kunne opptre truverdig og påliteleg i internasjonal handel på forsvarsmateriellområdet.

### Oppfølgingsleveransar

Sidan forsvarsmateriell ofte har lang levetid, vil det gjennom ein lang periode vere nødvendig å vedlikehalde og reparere utstyret og kjøpe reserve delar. Tilgang til framtidig vedlikehald og reserve delar er iblant ein del av kontraktsvilkåra. Som forvalnings- og kontrollorgan legg Utanriksdepartementet stor vekt på eit nært samarbeid med kvar eksportør frå sak til sak.

Eksportkontrollforskrifta opnar for at eit utførselsløyve kan kallast tilbake dersom lisensinnehavaren vesentleg misbruiker løyvet, dersom det kjem fram nye eller endra fakta eller dersom det skjer endringar i politiske tilhøve i mottakarstaten eller området som vesentleg endrar det grunnlaget løyvet blei gjeve på.

### *Kontroll med formidling mellom tredjeland*

